



Arrangementsområdet.

Etter ein formidabel dugnadsinnsats er no alt klart til Damevennen sin populære Aktivitetsdag. Mange stiller opp og tar eit tak for dette flotte arrangementet. Oppbygginga starta onsdag føremiddag, og under innspurten i kveld var det mange hender som hjelpte til.

Kl.11 brakar det laus, og så går det slag i slag med varierte og gode programinnslag, og mange spennande aktivitetar. Her kan ein få ein lørdag akkurat som ein ønskjer, aktiv og avslappande. Mellom opplevelsane kan ein nyte av alt det gode i mat som vert servert.

Dagen vert heilt sikkert ein suksess. Vi kan håpe at veret blir endå litt betre enn yr melder. Og dei meldingane er slett ikkje verst. Dei er faktisk oppløftande!!

Det var veldig kjekt å oppleve dugnadsånden, det gode samarbeidet og stemninga i kveld. Bileta får gje ein smakebit på det store arbeidet!



Her blir det spenning og konkurranse! Noko for unge og eldre fotballspelarar.



Klar til å starte på eit av telta



Det kjem seg!



Bord og stolar for publikum er på plass i teltet.



Utskytingsrampen for Hopp i havet er klar.

Av: Thor Inge Døssland